



Lindås Pensjonistlag  
Svehaugane 7  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18451 - 20/77528

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
04.12.2020

## **Førespurnad om avklaringsmøte før regulering - gbnr 108/161 Lindås**

Vi viser til førespurnad datert 23.11.2020, og telefonsamtale 27.11.2020 om regulering av område B 1 i kommunedelplan for Lindås (KDP).

### **Bakgrunn**

Saka gjeld oppstart av reguleringsplanarbeid.

### **Gjeldande planstatus**

Området B 1 er KDP avsett til bustad med krav om detaljregulering. Området ligg innafør nærsenteravgrensinga til Lindås i plankartet, og er omfatta av områdeplankrav jf. pkt. 2.2.2. i føresegnene til kommunedelplan. For områder som ligg innafør denne sona kan ikkje detaljregulering vedtakast før områdeplan er utarbeidd.

Områdeplan for Lindås er på noverande tidspunkt tatt ut av planstrategien til Alver kommune, og det er uvisst når planarbeidet startar opp.

### **Vidare saksgong**

Vår tilråding er at før de går vidare med planarbeidet, må det søkast om dispensasjon frå områdeplankravet.

Hovudtrekk i søknad om dispensasjon:

1. Den må nabovarslas
2. Det må gå fram av søknad kva det søkast dispensasjon frå (Krav til utarbeiding av områdeplan)
3. Den må være grunngjeve. (m.a. konsekvens av manglande samkøying med områdeplan)

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dispensasjonssøknaden stilast til byggesaksavdelinga. Vidare vert søknaden sendt på høyring internt og til aktuelle instansar.

**Har de spørsmål?**

Har de fleire spørsmål i høve dispensasjonssøknaden er de velkomne til å ta kontakt med byggesaksavdelinga ved [byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no). Har de spørsmål knytt til reguleringsplan, ta kontakt med [ingrid.raniseth@alver.kommune.no](mailto:ingrid.raniseth@alver.kommune.no).

Med venleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Lindås Pensjonistlag

Svehaugane 7

5955 LINDÅS